



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Kultur- og idrettsavdelinga

Den kulturelle skolesekken i Hordaland

Prosjektplan for skuleåret 2006 – 2007



l i s i g r i

den kulturelle skolesekken i hordaland

Den kulturelle skulesekken i Hordaland: Plan for 2006/2007

Oppsummering: Den kulturelle skulesekken i Hordaland definerer seg som regional utviklar og samordnar av DKS i fylket, og ynskjer å vera hjelpar for kommunane og regionane i deira etablering av kulturelle skulesekkar. Den kulturelle skulesekken i Hordaland er no inne i ei fase der ein arbeidar organisatorisk med å konsolidera partnaraskap med kommunane og regionane, og med å styrkja samarbeidsrelasjonane som den organisatoriske strukturen gjer mogleg. Vidare arbeidar ein med å utvida fylket si turnéordning og særskilt innan områda film og litteratur. Kommunane har gjeve signal om at fylket si turnéordning er sentral i realiseringa av DKS i fylket som heilskap, og DKS HFK gjev kommunane tilbod om 3 turnétilbod til elevane for kvart år; eitt er basert på kommunen sitt ynskje, eitt er gratis, og eitt føreset sterk elevmedverking. I tillegg kjem Fylkeskonsertane med 2 konsertar til kvar elev pr. år. Ein arbeidar med å kvalitetssikra og utvida dei lokale og regionale DKS-tilboda til grunnskuleelevane. Ein legg opp til å rasjonalisera logistiske operasjonar og informasjonsflyt gjennom nettbasert formidling (DKS nettportalen). Vidare vert det arrangert ei rekkje konferansar og workshops med tanke på produksjonsutvikling, etablering av nye partnaraskap med kunst- og kulturinstitusjonar og operatørar, høgskular, og ABM-institusjonar.

1. Grunnpremiss for DKS-modellen i Hordaland

Modellen for DKS Hordaland blei utvikla skuleåret 2004/2005. DKS i Hordaland har vedtatt overordna mål for Den kulturelle skulesekken, slik nedfelt i departementale føringsdokument og slik DKS i Hordaland sjølv har vedtatt (*sjå punkt 4*). Ein skiller mellom *hovudmål* og *organisatoriske mål og strategiar*. Desse vart etablerte i tett samarbeid med kommunane som skuleeigarar, Utdanningsavdelinga v/Fylkesmannen og NOKU.

Hovudmål

1. å medverka til at elevar i grunnskulen får eit profesjonelt kulturtilbod;
2. å leggje til rette for at elevar i grunnskulen skal få tilgang til, gjera seg kjende med og få eit positivt forhold til kunst- og kulturuttrykk av alle slag;
3. å medverka til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål;


4. å gje born oppleving av kunst og styrka deira eiga skaparevne.

Organisatoriske mål og strategiar

- DKS skal realiserast i kryssingspunktet mellom kultur- og skulesektor på alle nivå.
- DKS inneber partnerskap, aktiv medverking og utforming på alle nivå av realiseringa.
- DKS skal vera tufta på demokratiske prinsipp.
- DKS skal vera lokalt forankra, og der det lokale vert å forstå som noko som veks fram i dynamisk samspel med det regionale, nasjonale og internasjonale.
- DKS tilboda skal kunne genererast og implementerast gjennom eit aktivt samspel mellom kunst- og kulturaktørar lokalt, regionalt og (inter)nasjonalt.
- DKS skal vera ein av bidragsytarane i skapinga av eit dynamisk samfunns- og kulturliv og gje kunstnarar og kulturarbeidarar høve til utvikling.
- DKS skal medverka til å skapa grobotn for samfunnsmessig, kulturelt og kunstnarisk mangfald og vera delaktig i å skapa utvida horisontar for elevane.

2. Organisatorisk modell 2005/2006- og tiltak for skuleåret 2006/2007

I skuleåret 2006/2007 vert det lagt opp til ei konsolidering av den organisatoriske strukturen og dei samarbeidsformer mellom kommune, region og fylke som det vert lagt strukturelt til rette for. Målet er at dei organisatoriske mål og strategiar skal speglast i heile DKS-systemet.



Kommunalt DKS nivå (nedre felt L på figur 1)

Dei 33 kommunane i Hordaland har utvikla egne 3-årige, godkjende planar for realiseringa av DKS. Kommunane har etablert: **1.** DKS skulekontakt på kvar skule, **2.** DKS kommunekontakt, **3.** Kommunale prosjektgrupper der kultur- og skulesektor inngår (sjå blåskravert felt nedst i midten). DKS HFK har oppfordra til fylgjande kommunale strategi:

- Kommunale prosjektgrupper skal vera basert på eit sektoromgripande samarbeid og inkorporera: DKS skulekontaktar, kulturskulerepresentantar, museumstilsette, bibliotekstilsette, frie kunstnarar, evt. lag og foreningar og andre ressurspersonar og institusjonar. Kultur- og skulesektor samarbeidar om etablering av plan.
- Det vert oppfordra til interkommunalt samarbeid og dynamisk samspel mellom lokale, regionale og nasjonale kunst- og kulturaktørar i utforminga av planar og DKS-tilbod. Dette vert mellom anna realisert gjennom arbeidet innan dei 5 DKS-regionane.

Plan for skuleåret 2006/2007:

Kommunane vert gjeve eit økonomisk handlerom for å vidareutvikla dei lokale, kulturelle skulesekkane. Gjennom arrangement av 2 nettverksmøte kombinert med 'minikulturtorg' for alle DKS kommunekontaktar vert det høve til kompetanseheving, opne diskusjonar kring spørsmål om kvalitet i DKS, og direkte tilbakemeldingar/evalueringar av arbeidet med DKS i fylket.

Eigne møter med Bergen kommune: Det vert lagt opp til møter mellom prosjektleiinga DKS HFK og leiinga for DKS i Bergen kommune med føremål informasjonsspreiing og felles prosjektutvikling, og særskilt med tanke på at Bergen by skiltar med kunst- og kulturinstitusjonar og operatørar med heile fylket som arena.

Formalisering av eit nivå av samarbeidande kommunar

Føremålet med etableringa av 5 DKS regionar av samarbeidande kommunar (*sjå kvitt felt i midten med 5 prikkar*) er dei fylgjande:


- Sikre demokratisk representasjon frå DKS regionane. Regionane handsamar egne sakar og gjer si innstilling til viktige forvaltningssakar, som går vidare til handsaming i referanse- og ressursgruppa Rådet for Den kulturelle skolesekken i Hordaland. (*Sjå pil opp mot skravert midtstilt felt på figuren*) og Styringsgruppa.
- Vera ressursgruppe for DKS i dei samarbeidande kommunane: Samordne interkommunale satsingar innan DKS¹ og vera diskusjonsforum for kommunane i høve til eige DKS arbeid med tanke på kvalitetssikring og utvikling av DKS tilbod.
- Sikre høve for samordning mellom DKS og kurs- og kompetansehevingstilbod v/ kursregionane v/Utdanningsavdelinga v/Fylkesmannen.

Plan for skuleåret 2006/2007:

- Prosjektlear DKS HFK vil ha møte med kvar av DKS- regionane for å fylgja opp dei kommunale og interkommunale satsingane i løpet av skuleåret.
- Regionane vert tilførte nye kr. 50.000 til kvar, for å kunne realisera interkommunale satsingar og reise felles prosjekt.

¹ DKS HFK løyver kr. 50.000 til kvar region som stønad til interkommunale satsingar. Midlane vert nytta til prosjektutvikling eller booking av eksisterande turnear.

Fig. 2 DKS- regionane i Hordaland



Regionalt niv : R det for Den kulturelle skulesekken i Hordaland (F)
(sj  kvitt, midtstilt felt)

- R det er ressurs- og referansegruppe for prosjektleiinga DKS og Styringsgruppa.
- Representasjon: 5 valde DKS regionsrepresentantar m/vara, 1 representant Bergen kommune (observat r), 1 representant Utdanningsavdelinga v/Fylkesmannen m/vara, 1 representant NOKU m/vara, 1 representant Kultur- og idrettsavdelinga HFK m/vara, 1 representant Kultur- og ressursutvalet HFK (observat r) m/vara. Prosjektlear DKS HFK er leiar for R det. Kunstfagleg og anna ekspertise vert henta inn etter naudsyn.

Plan for skule ret 2006/2007:

R det for Den kulturelle skulesekken i Hordaland vil m tast 2 gangar for   handsama planarbeid, spele inn til satsingsomr de innan DKS og for   fungere som referansegruppe/r dgjevande organ for Styringsgruppa.

Styringsgruppa (skravert, midtstilt felt)

Styringsgruppa består av Fylkeskultursjef HFK og Utdanningsdirekt r v/ Utdanningsavdelinga v/Fylkesmannen. Styringsgruppa har det overordna ansvaret og delegerer ansvar i eit utval av sakar til prosjektleiinga DKS og til R det for DKS i Hordaland.

Plan for skuleåret 2006/2007:

- Styringsgruppa vil møtast ved fleire høve for å leggja strategiar innan arbeidet med DKS i fylket, og særskilt med tanke på samarbeid mellom kultur- og skulesektor innan DKS.
- Det vert planlagd ei større og heilskapleg satsing på litteraturformidling i kryssingsfeltet mellom litteraturformidling, lesestimulering og kompetanseheving gjennom samarbeid mellom Utdanningsavdelinga v/Fylkesmannen, DKS HFK, Fylkesbiblioteket/folke- og skulebiblioteka, Norsk Forfattarsentrum, og Høgskulane i Bergen og Stord/Haugesund.

3. Fylkeskommunal administrasjon

DKS er forankra i Kultur- og idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune. **Fylkeskultursjefen** er fagleg ansvarleg. **Prosjektleiari i 100 %** er tilsatt frå og med 2004 i 3-årig heil stilling. Prosjektleiari skal arbeida med - *overordna utvikling og prosjektstyring*, - *sakshandsaming til Rådet for DKS i Hordaland*, - *utviklinga av DKS organisatorisk og kunstfagleg med utgangspunkt i politiske vedtak*, - *innhaldet i formidlingsverksemda*, - *utvikling av og koordinering av tilbod til skular og kommunar*, - *budsjett og arbeidsplan for turneprogrammet*. Prosjektleiaren samarbeidar nært med administrasjonen i Kultur- og idrettsavdelinga og sekretær, og rapporterar til Rådet og fylkeskultursjef. Hordaland fylkeskommune har engasjert **prosjektsekretær** for fylkeskommunale budsjettmidlar. Prosjektsekretæren skal - *assistera prosjektleiari*, - *følgja opp prosjektet i kontakt med kommunar, skular og kunstnarar*, - *ansvar for logistikk, programmering, kontraktering, oppfølging andsynes kommunar og skular*, - *vera sekretær for Rådet for DKS i Hordaland*. **Intern arbeidsgruppe:** DKS vert realisert i samarbeid med Seksjon for kulturminnevern og museum, Fylkesbiblioteket, Fylkeskonsertane, Kulturlandskapsenteret, Seksjon for idrett og friluftsliv. **Politisk arbeidsgruppe:** Kultur- og ressursutvalet m/ 3 representantar.

Plan for skuleåret 2006/2007:

Vidareutvikla eit dynamisk samspel og gode synergieffektar mellom Kultur- og idrettsavdelinga sine ulike verksemdsområde, der DKS kan spela ei nykjelrolle med tanke på

å dra vekslar på dei ulike satsingsområda i prosjektutvikling og formidling mot skuleborn (*Idrett, Kulturminne, Arkeologi, Musikkføremål, Kulturformidling med meir*).

4. Turnéorganisasjon og produksjon

Intern turnéorganisasjon

Prosjektleiinga DKS HFK samarbeidar med representantar frå Kultur- og idrettsavdelinga (særskilt Fylkesbiblioteket om produksjon av litteraturtilbod og Seksjon for kulturminne- og museum om produksjon av kulturminne og fornminnetilbod). Fylkeskonsertane har eit omfattande produksjonsmiljø og står for 75 % av produksjonen sjølve. DKS i Hordaland medverkar i produksjonen av ca. 50 % av turnetilboda innan litteratur, film, teater, visuell kunst, kulturminne/fornminne og kulturell mangfald, og særskilt gjennom pedagogisk tilrettelegging. DKS HFK initierer fleire av tilboda gjennom dialog med kunstnarmiljø, kunstfagleg ekspertise og kulturarbeidarar. Vidare vert det leigd inn konsulentar for å skapa eigne produksjonar og for å delta i produksjons- og evalueringsprosessar.

Plan for 2006/2007

Det vert arbeida med å styrkja samarbeid mellom seksjonar med tanke på synergieffektar mellom DKS-arbeidet og dei viktige forvaltningsområda innanfor kulturfeltet som er Kultur- og idrettsseksjonen v/Hordaland fylkeskommune sitt arbeidsområde.

Samarbeidsrelasjonar; forholdet til nasjonale, regionale og lokale kunst- og kulturaktørar og aktivitetar i 2006/2007

DKS i Hordaland samarbeider aktivt med fylgjande nasjonalt dekkjande aktørar om

1. etablering av DKS tilbod,
2. honorering,
3. kompetanseheving,
4. informasjonsspreiing og
5. nettverksbygging og utveksling mellom lokale, regionale og nasjonale aktørar og deira produksjonar:

- *Scenekunstbruket* - innkjøp scenekunst (2 produksjonar), DKS HFK foreslår teaterproduksjonar som kan takast inn i ordninga².
- *Norsk forfattarsentrum* - nyttar registrerte forfattarar (Rolf Enger), styrkja samarbeid gjennom møteverksemd med føremål produksjonsutvikling;
- *Norsk Filminstitutt*- 2 DKS filmprosjekt har fått stønad etter søknad frå DKS i Hordaland i samarbeid med filmprodusentane, og prosjekta skal utviklast og implementerast i komande skuleår;
- *Nasjonalmuseet*- avtale inngått 2004, under føresetnad om å kunne nytta turnéleiarar frå Hordaland. I 2006/2007 har ein tinga prosjektet Vis-à-vis m/ workshop portrettfotografi.
- *Kunst i skolen*- tingar grafikkturnear og undervisningspakker, koplpar til lokale formidlarar og lærarar: I år turnerer produksjonen Finurlig m/ Hovdenak.
- *Norsk kulturskoleråd*- DKS er del av KOM-prosjektet.
- *Rikskonsertane/Fylkeskonsertane*; 75 % av konserttilbodet vert produsert i Hordaland, og tilboda kjem andre fylke til gode. Ein vil freiste å styrkja samarbeidet med Fylkeskonsertane.
- *Norsk Form*- samarbeidsprosjekt om arkitektur og design i skulen. Dei vil bli inviterte til konferanse om Visuell kunst i 2006/2007 i samband med workshop om design.
- Vidare samarbeidar DKS i Hordaland med 17 ABM-institusjonar i Hordaland (mellom anna Bergen museum, Bergen Kunstmuseum, Vestlandske Kunstindustrimuseum og samtlege folkemuseum) om produksjon av og utarbeiding av DKS-tilbod innan visuell kunstformidling og tilbod innan kulturminne og fornminne. Fleire prosjekt skal realiserast i 2006/2007.

² DKS HFK er medprodusent av framsyning tatt opp i Scenekunstbruket skuleåret 2004/2005: Transiteateret: Trio for 2 og spansk gitar.

- DKS HFK vil i skuleåret 2006/2007 engasjere kring 50 lokale og regionale frittstående, profesjonelle kunstnarar. Det vert nytta kunstnarar frå Hordaland som turnéleiarar for eigne produksjonar og for til dømes nasjonalmuseets produksjonar.
- DKS samarbeidar med Galleri 3,14, Hordaland Kunstforening og mindre galleri i einsskilde kommunar.
- DKS HFK nyttar *Hordaland Teater* og *frittstående teatergrupper* sine produksjonar, samt *internasjonale produksjonsselskap*. Det vert et tettare samarbeid gjennom møteverksemd og planlegging av prosjekt i komande skuleår.
- Gjennom *KOM-prosjektet* vert det opna for tettare samarbeid med *universitet og høgskular* i Hordaland og Rogaland med tanke på kunstfaglege innspel. Høgskulane vil bli inviterte som bidragsytarar på fleire av konferansane i 2006/2007 (Sjå oversikt under punkt

Relasjonen til Storbymodellen- Bergen kommune

DKS HFK har ei viktig oppgåve føre seg som *regional samordnar* av DKS-tilboda til skulelevar i heile fylket. I praksis var DKS i Hordaland i 2004/2005 kjenneteikna ved ei *todeling*: Nær halvparten av elevane lokalisert til Bergen kommune fekk DKS tilbod av kommunen primært gjennom eit *bookingsssystem* medan dei andre fekk DKS tilbod gjennom Hordaland fylkeskommune si DKS *turnéordning* supplert med eigne tilbod. Alle kommunar inkludert Bergen, og utanom Radøy og Os, fekk tilbod gjennom Fylkeskonsertane/Rikskonsertane. Bergen kommune var ein av pilotkommunane under oppstarten i 2003. "Storbymodellen" var frå HFK si side tiltenkt ei viktig rolle som DKS formidlingsleverandør for heile fylket: Bergen by har eit stort mangfald av kunst- og kulturoperatørar og institusjonar, som får støtte av både stat, fylke og kommune, og med regionalt, nasjonalt og internasjonalt virkefelt. Mange av dei viktige leverandørane av DKS tilbod til Bergen kommune er lokalisert til Bergen by. For å gjera Storbymodellens tilbod tilgjengeleg for fleire av kommunane vil DKS HFK fortsette med å vera offensive for å få til

samarbeid med aktørar i Bergen by. DKS HFK vil også samarbeida med Barnas Hus/Bergen kommune om ei kartlegging av dei tilboda som kan nyttast av alle elevar.

”Kulturell byvitjing”

Vidare vert det vurdert å vidareføra DKS HFK sitt prosjekt *”Kulturell byvitjing”* gjennom å nytta midlane frå kommunen si eigenbetaling (kr. 9 pr framsyning pr elev). I førre skuleår realiserte meir enn 1100 grunnskuleelevar frå 21 hordlandskommunar ei byvitjing med kulturelle og kunstnarlege opplevingar som føremål. Kommunane har fått tilskot på inntil 10.000 kr og tilbod om tilrettelegging av program og overnatting av DKS HFK. Det vert arbeida med ei vidareføring av prosjektet.

Inkorporering av regionale DKS- tilbod i fylket si turnéordning

Frå og med skuleåret 2004/2005 vart det lagt til rette for at DKS HFK si turnéordning kan ta opp i seg turnétilbod av høg kvalitet etter forslag frå mellom anna DKS-regionane, slik at tiltaka som er genererte ikkje berre i Bergen men også i dei andre regionane kan koma fleire av grunnskuleelevar i andre delar av Hordaland fylke til gode. Dette vert vidareført i 2006/2007.

5. Gjennomføring av spesifikke tiltak for DKS HFK i skuleåret 2006/2007

1. Organisatorisk:

Konsolidera ny organisasjonsstruktur gjennom møteverksemd og fylgja opp innhaldet i dei lokale (og regionale) kulturelle skulesekkane.

2. Med tanke på produksjon:

- Etablere, gjennomføra og ferdigstilla påbyrja prosjekt (eks: 1. ”Chillegrunn,” 2. ”Du store verda, du mektige hår”, 3. ”Sauen, Reven, og Kjærligheten,” 4. ”Helleristningsprosjektet”, 5. ”Prosjekt Christensen”, 6. ”Skrotskulptur”, 7. ”Minotaur,” 8. ”Design-funksjon-funksjonshemming”)

- Etablere planar for ei rekkje nye DKS tiltak gjennom samarbeid med lokale, regionale og (inter)-nasjonale aktørar og særskilt styrkja samarbeidet med kunst- og kulturinstitusjonane i Bergen by og høgskule/universitet.

3. Med tanke på heildags- og helgekonferansar med føremål produksjonsutvikling og kompetanseheving:

- Workshop Visuell kunst. Målgruppe: Lærarar og kunstnarar i Hordaland. Deltakande workshop-leiarar: Svein Christensen og Malin Barth, Britt Åslaug Birkeland (Vestlandske Kunstindustrimuseum), Mette Langeid og Bendik Johnsen (Bergen Kunstmuseum), Nasjonalmuseet, mfl.
- Film i skulesekken: Målgruppe: Produksjonsmiljø i Hordaland, Joachim Frivold/Norsk Filminstitutt og DKS kommunekontaktar. Anne Magnussen/Embla film As er konferanseleiar.
- Litteratur i skulesekken. Anne Steffi Teigland er konferanse/workshopleiar. Medverkande: Utdanningsavdelinga v/Fylkesmannen, Norsk forfattarsentrum, Høgskulen i Bergen, Fylkesbiblioteket, representantar frå skule og kommune.
- Kick-off 'Du store verda, du mektige hår': Produksjonsseminar for dei deltakande 15 ABM-institusjonane i Hordaland, og Referanse- og Styringsgruppa.
- Mini-Midi-Maxi: Delta i konferanseplanlegging og gjennomføring innan scenekunst i lag med Hordaland Teater og Vestlandske Teatersenter.

4. Med tanke på informasjonsspreiing og rasjonalisering av logistiske operasjonar:

- Gjennomføra 2 heildagssamlingar for kommunane for oppdatering av kommunale og regionale kulturelle skulesekkar på nett.
- Samarbeida med kommunane om implementeringa av nettbasert informasjonsspreiing om DKS i skulen, slik at skulane vert aktive brukarar.
- Etablere katalog over turnétilbod og aktivitetar for skuleåret 2006/2007.

5. Budsjett statlege spelemidlar 2006-2007

Statlege spelemidlar	10 134 180 kr
- Bergen kommune	3 937 129 kr
<hr/>	
Hordaland fylke utan Bergen kommune:	6 197 051 kr

Fordeling A	<i>Tildeling kommunar utanom Bergen:</i>
	<i>Kommunane (43,66 %) 2 705 477 kr</i>
	<i>Regionane (4 %) 250 000 kr</i>

Dei resterande midlane vert nytta til DKS turneordning og produksjonsutvikling.